

NVE
Postboks 5091
Majorstuen, 0301 OSLO
Epost: uttalelse@nve.no

22.01.2024

Høyringsuttale til søknad om sikringstiltak langs Sogndalselvi ved Sogn handelspark saknr. 202317336

Vi syner til søknad om sikringstiltak på gardsnr.63, bruksnr.15 ved Sogndalselvi nord for Sogn handelspark.

På vegne av Gbnr 63/15 og 63/486 Fellesareal i Sogn handelspark, som er sameige fellesareal for dei som driv verksemd i handelsparken, ynskjer vi å uttale oss til søknaden.

Det er vurdert tre alternativ i søknaden:

- **Alternativ 1** – etablering av sikringstiltak der sti/gang-sykkelveg og tørrmur ligg slik det er etablert i dag.
- **Alternativ 2** – etablering av sikringstiltak der sti/gang-sykkelveg vert flytta opp i handelsparken, men tørrmur ligg slik den er i dag.
- **Alternativ 3** – etablering av sikringstiltak der tormur vert trekt inn i handelsparken.

Slik vi oppfattar det kan alle alternativ gjennomforast utan vesentlege negative verknader for elva og det akvatiske miljøet. Alternativ 1 kjem samla klart best ut då den sikrar område mot flaum, sikrar friluftslivverdiane og kommunen sin prioritering med turveg langs elva og samtidig unngår stor omlegging av etablert infrastruktur opp mot etablerte bygg.

Både alternativ 2 og 3 vil ha vesentlege negative verknader for handelsparken. Vi vil kort nemne følgjande:

- Flytting av sti/gang-sykkelveg inn på Næringsparken sine areal vil snevre inn trafikkareal i handelsparken, framfor bygg som er godkjent etablert og i drift på grunnlag av dei utomhusareala som er der i dag.
- Koyremønster utanfor og gjennom bygg (drive in), parkeringsareal og varelevering må endrast og trafikkbilde vil opplevast som trongare og meir kaotisk. Dette på grunn av at ein blandar trafikk som skal til handelsparken og trafikk som skal gjennom området og vidare på elvestien.
- Samanknytting til dei andre delane av elvestien aust og vest for Næringsparken, vil få utfordringar med stigningsforhold i terrenget, som gjer elvestien mindre tilgjengeleg for alle brukargrupper.
- Opplevingsverdien for dei som nyttar stien vil verte redusert dersom ferdsel er vekk frå vassdraget og inn i bygde og trafikkerte områder i og rundt Næringsparken.


- Viss det må gjennomførast flytting og reetablering av tormur og veg inn til området, må etablert infrastruktur som straum, fiber, vatn og drenering i bakken leggjast om. Dette medfører store kostnader.
- Arealmessige får ei slik flytting svært store negative konsekvensar ved at parkeringsforhold og koyremønster langs etablerte, godkjente bygg vert trongare, noko som vil medføre auka trafikkfare på området, særskilt for mjuke trafikkantar.

Samla sett meiner vi alternativ 1 best stottar opp om både handelsparken, kommunen og brukarane sine behov i området, utan at sikringsiltaka har vesentlege negativ verknader på elva og miljøet langs elva.

For aktorane i handelsparken vil alternativ 2 og 3 har vesentleg negative verknader, både økonomisk og praktisk funksjonelt for dagleg drift. I tillegg kjem tryggleikssyn inn i bildet med ein trongare og meir uoversiktleg trafikksituasjon.

Gbnr 63/15 og 63/486 Fellesareal i Sogn handelspark.

Sogndal 22.01.2024


Vegard Jakobsen
Arild Meisterplass